

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
095/16	Formannskapet	PS	25.08.2016
089/16	Kommunestyret	PS	15.09.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA - Q31	14/1644

### Namn på bruer i Austrheim

#### Vedlegg

Bruer i Austrheim saksframlegg endeleg saksframlegg 18.08.2015  
Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim  
Austrheim kommune - brunamnsaker - tilråding frå Stadnamntenesta  
Høyringsframlegg om namn på bru over Fosnstraumen  
Merknad til høyringsframlegg om namn på bruer i Austrheim  
Forslag til namn på bruer i Austrheim  
Korr. vedr - namn på bruer i Austrheim  
Merknad til høyringsframlegg om namn på bruer  
Offentleg høyring av namn på bruer i Austrheim  
Merknad til høyringsframlegg om namn på bruer

#### Framlegg til vedtak:

1. Etter høyring og innspel på namn, set Austrheim kommunestyre følgjande namn på bruer i kommunen.

Stad	NR	Avgjerdande instans	Framlegg til namn
Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	1	Hordaland fylkeskommune	<b>Bakkøybrua</b>
Bru over Kilstraumen	2	Hordaland fylkeskommune	<b>Kilstraumbua</b>
Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	3	Hordaland fylkeskommune	<b>Ulvøybrua</b>
Bru over Bukkholmstraumen	4	Hordaland fylkeskommune	<b>Bukkholmestraumbua</b>
Brukaret over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	5	Hordaland fylkeskommune	<b>Kovesundbrua</b>
Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	6	Hordaland fylkeskommune	<b>Lauvøybrua</b>
Brua mellom Bjørnøyna og Tjeldholmen	7	Hordaland fylkeskommune	<b>Bjørnøybrua</b>
Brua over Sævrøysundet	8	Austrheim kommune	<b>Sævrøybrua</b>

Brua over til Lerøyyna	9	Hordaland fylkeskommune	<b>Lerøybrua</b>
Brua i Synnevågen	10	Hordaland fylkeskommune	<b>Synnevågbrua</b>
Brua mellom Langøyyna og Rotøyyna	11	Austrheim kommune	<b>Langøybrua</b>
Brua mellom Rotøyyna og Krossøyyna	12	Austrheim kommune	<b>Krossøybrua</b>
Brua til Njøta	13	Austrheim kommune	<b>Njøtebrua</b>
Brua i Rongeværet	14	Privat bru. Kartverket	<b>Kusundbrua</b>
Brua over Fosnstraumen	15	Hordland fylkeskommune. Radøy er sakshandsamar	<b>Fosnstraumbrua</b>

2. Rådmannen får mynde til å føra saka vidare inn mot dei ulike avgjerande instansane.

### **Formannskapet - 095/16 - 25.08.2016**

#### **FS - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### **FS - vedtak:**

1. Etter høyring og innspel på namn, set Austrheim kommunestyre følgjande namn på bruer i kommunen.

Stad	NR	Avgjerdande instans	Framlegg til namn
Bru mellom fastlandet og Bakkøyyna	1	Hordaland fylkeskommune	<b>Bakkøybrua</b>
Bru over Kilstraumen	2	Hordaland fylkeskommune	<b>Kilstraumbrua</b>
Bru mellom Ulvøyyna og Fosnøyyna	3	Hordaland fylkeskommune	<b>Ulvøybrua</b>
Bru over Bukkholmstraumen	4	Hordaland fylkeskommune	<b>Bukkholmestraumbrua</b>
Brukaret over til Lauvøyyna på Sævrøyvegen	5	Hordaland fylkeskommune	<b>Kovesundbrua</b>
Brua mellom Lauvøyyna og Sævrøyyna	6	Hordaland fylkeskommune	<b>Lauvøybrua</b>
Brua mellom Bjørnøya og Tjeldholmen	7	Hordaland fylkeskommune	<b>Bjørnøybrua</b>
Brua over Sævrøysundet	8	Austrheim kommune	<b>Sævrøybrua</b>
Brua over til Lerøyyna	9	Hordaland fylkeskommune	<b>Lerøybrua</b>
Brua i Synnevågen	10	Hordaland fylkeskommune	<b>Synnevågbrua</b>
Brua mellom Langøyyna og Rotøyyna	11	Austrheim kommune	<b>Langøybrua</b>
Brua mellom Rotøyyna og Krossøyyna	12	Austrheim kommune	<b>Krossøybrua</b>
Brua til Njøta	13	Austrheim kommune	<b>Njøtebrua</b>
Brua i Rongeværet	14	Privat bru. Kartverket	<b>Kusundbrua</b>
Brua over Fosnstraumen	15	Hordland fylkeskommune. Radøy er sakshandsamar	<b>Fosnstraumbrua</b>

2. Rådmannen får mynde til å føra saka vidare inn mot dei ulike avgjerande instansane.

### **Kommunestyret - 089/16 - 15.09.2016**

#### **KS - behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

1. Etter høyring og innspel på namn, set Austrheim kommunestyre følgjande namn på bruer i kommunen.

Stad	NR	Avgjerdande instans	Framlegg til namn
Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	1	Hordaland fylkeskommune	<b>Bakkøybrua</b>
Bru over Kilstraumen	2	Hordaland fylkeskommune	<b>Kilstraumbua</b>
Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	3	Hordaland fylkeskommune	<b>Ulvøybrua</b>
Bru over Bukkholmstraumen	4	Hordaland fylkeskommune	<b>Bukkholmestraumbua</b>
Brukaret over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	5	Hordaland fylkeskommune	<b>Kovesundbrua</b>
Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	6	Hordaland fylkeskommune	<b>Lauvøybrua</b>
Brua mellom Bjørnøyna og Tjeldholmen	7	Hordaland fylkeskommune	<b>Bjørnøybrua</b>
Brua over Sævrøysundet	8	Austrheim kommune	<b>Sævrøybrua</b>
Brua over til Lerøyna	9	Hordaland fylkeskommune	<b>Lerøybrua</b>
Brua i Synnevågen	10	Hordaland fylkeskommune	<b>Synnevågbrua</b>
Brua mellom Langøyna og Rotøyna	11	Austrheim kommune	<b>Langøybrua</b>
Brua mellom Rotøyna og Krossøyna	12	Austrheim kommune	<b>Krossøybrua</b>
Brua til Njøta	13	Austrheim kommune	<b>Njøtebrua</b>
Brua i Rongeværet	14	Privat bru. Kartverket	<b>Kusundbrua</b>
Brua over Fosnstraumen	15	Hordland fylkeskommune. Radøy er sakshandsamar	<b>Fosnstraumbua</b>

2. Rådmannen får mynde til å føra saka vidare inn mot dei ulike avgjerande instansane.

#### **Saksopplysninger:**

## Bakgrunn

Bruene i Austrheim har aldri fått offisielle namn. Likevel har fleire av bruene hatt namn på «folkemunne.» Statens Vegvesen har operert med namn på nokre av bruene, men namna er ikkje offisielt vedtekne i fylgje Statens Kartverk. Den einaste brua som har oppsett namneskilt, Fosnstraumbura, har i følge Statens Kartverk ikkje offisielt fått dette namnet. Den brua er i det sentrale namneregisteret registrert i Radøy, slik at det er Radøy som kjem med endeleg innspel på det brunamnet til den avgjerande instansen, Hordaland fylkeskommune. Austrheim kan og kome med innspel på namnet.

Dei fleste bruene i Austrheim ligg på fylkesvegar. Det er såleis Austrheim kommune som føreslår namn, medan det er fylkeskommunen som gjer endeleg vedtak. I korrespondansen vi har hatt med fylket, seier dei at Fylkesutvalet gjer endeleg vedtak. Dersom Kartverket og Stadnamntenesta ikkje har merknader, vil fylkeskommunen normalt ikkje gjera endringar.

I «Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim,» er det gitt opplysningar om kvar av bruene og det er gjort greie for namneforslaga. I utgangspunktet ser rådmannen det naturleg å nytta namn frå øyar i kommunen. Vi nyttar omgrepet «Austrheim, 489 øyer, holmar og skjer,» det gjer det naturleg å nytta namn på øya brua går ut i frå eller over til.

Austrheim kommune har sendt ut desse namna på høyring:

Stad	NR	Avgjerdande instans	Framlegg til namn
Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	1	Hordaland fylkeskommune	<b>Bakkøybrua</b>
Bru over Kilstraumen	2	Hordaland fylkeskommune	<b>Kilstraumbua</b>
Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	3	Hordaland fylkeskommune	<b>Ulvøybrua</b>
Bru over Bukkholmstraumen	4	Hordaland fylkeskommune	<b>Bukkholmbrua</b>
Brukaret over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	5	Hordaland fylkeskommune	<b>Kovesundbrua</b>
Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	6	Hordaland fylkeskommune	<b>Lauvøybrua</b>
Brua mellom Bjørnøya og Tjeldholmen	7	Hordaland fylkeskommune	<b>Bjørnøybrua</b>
Brua over Sævrøysundet	8	Austrheim kommune	<b>Sævrøybrua</b>
Brua over til Lerøyna	9	Hordaland fylkeskommune	<b>Lerøybrua</b>
Brua i Synnevågen	10	Hordaland fylkeskommune	<b>Synnevågbrua</b>
Brua mellom Langøyna og Rotøyna	11	Austrheim kommune	<b>Langøybrua</b>
Brua mellom Rotøyna og Krossøyna	12	Austrheim kommune	<b>Krossøybrua</b>
Brua til Njøta	13	Austrheim kommune	<b>Njøtebrua</b>
Brua i Rongeværet	14	Privat bru. Kartverket	<b>Kusundbrua</b>
Brua over Fosnstraumen	15	Hordaland fylkeskommune. Radøy er sakshandsamar	<b>Fosnstraumbua</b>

Namna har vore ute på høyring. Det er sendt høyringsframlegg til:

- Statens Kartverk
- Hordaland Fylkeskommune
- Namnekonsulenten i Hordaland.
- Austrheim Kyst- og sogelag
- Namna har vore offentleggjorde i annonse med høyringsfrist.
- Namna har vore sendt til ein av grunneigarane i Rongeværet.

Dei fleste instansane har uttalt seg om namna. Det er kome inn ein merknad på namn etter den offentlege høyringa, det gjeld bru nr. 4. Namnekonsulenten har innspel på to av namna, bru nr. 5 og nr. 10.

Det er altså kome innspel på namn på bru nr. 4, 5 og 10. På dei andre 12 brunamna er det ikkje kome inn ynskje på andre namn.

#### **Bru nr. 4.**

Rådmannen sitt framlegg:      Bukkholmbrua.

Høyringsinnspel frå Terje Dyrnes:

#### **VurderingVvuu**

**Fra:** Infoplan <infoplan@online.no>  
**Sendt:** 28. september 2015 18:19  
**Til:** Post Austrheim  
**Emne:** Nye namn på bruer i kommunen

## **Brunamn**

I ein annonse i "Strilen" blei det opplyst at kommunen var i ferd med å setje namn på ein del "namnlause" bruer. Ein av desse er brua over Bokkholmestraumen, på vegen nordover i Øyane. Denne brua skulle etter forslaget, heite *Bukkholmebrua*. (Eg blei beden av Helge Dyrkolbotn om å sende forslaget mitt, med grunngjeving til Servicekontoret.)

Eg vil fremme forslag om at namnet blir Bukkholmestraumbua – eller Bukkholmestraumenbrua, langt, men naudsynt.

### **Grunngjeving:**

Omgrepet Bukkholmestraumen er kjent gjennom mange generasjonar. Det er **straumen** som er det kjende og sentrale, ikkje Bukkholmen. Bukkholmestraumen er ein velkjend og mykje brukt fiskeplass, både for båtfolk og for folk som fiskar frå land. Det finst parkeringsplassar på begge sider av brua. Ofte ser ein folk med fiskestang langs Bukkholmestraumen, på begge sider. I tillegg blir det og drive dykking der, og det er også ei fin, innaskjers padleløype nord- og sørover i kommunen. Det ville, etter mi vurdering, bli feil å "finne opp" eit nytt namn, når omgrepet Bukkholmestraumen er innarbeid, og gir god informasjonsverdi. Her er ein straum som er interessant for fiske og andre naturopplevingar. Det er straumen som her er sentral, ikkje Bukkholmen. (Det ville vere rart om Kilstraumbua skulle ha namnet Bakkøybrua eller Ulvøybrua. Straumen er også her det sentrale.)

Med venleg helsing

Terje Dyrnes

## **Vurdering**

### **Bru nr 4.**

Innspelet går ut på å gi brua namn etter straumen som er godt kjent. Holmen er ikkje noko ein nyttar namnet på, seier innsendaren. Viss ein skal fylgja innspelet, bør ein vurdera namnet Bukkholmestraumbua. Ikkje Bukkholmestraumenbrua fordi ein ikkje bør nytta to bestemte ordformer i samanheng, straumen og brua. Det har ein unnlåte å gjera med dei andre namna. Rådmannen ser at det utifrå lokalt kjennskap, vil vera naturleg å kalla brua oppatt etter straumen. I utgangspunktet har ein nytta flest øynamn i brunamna. Det er nokre unnatak som:

- Kilstraumbua
- Fosnstraumbua

I tillegg er to –sund namn nytta

- Kovesundbrua
- Kusundbrua

Det vil ikkje bryta med noko regel å kalla brua for Bukkholmestraumbua i stadenfor Bukkholmebrua. Einaste argumentet mot å kalla straumen oppatt, er at det vert eit langt og noko tungvindt namn.

På kartet står desse fire namna i nærleiken av denne brua:

- Bukkholmen
- Bukkholmstraumen
- Bukkholmsundet
- Straumsneset

Forslagsstillaren som er fødd og oppvaksen i nærleiken, opplyser at det er straumen som har kjent namn, ikkje holmen.

#### **Bru nr. 5.**

Rådmannen sitt framlegg: Kovesundbrua.

Innspel frå Stadnamntenesta på Vestlandet.

Namnet på bru nr. 5, *Kovesundsbrua* eller *Kovesundbrua*

I den basen som UiB har med stadnamn frå Austrheim, er ein holme attmed det aktuelle sundet registrert med namnet *Kovesundsholmen*. Ein bør difor ha med ein *genitivs-s* i brunamnet òg. (I det gjeldande lovverket er det ein normeringsregel som seier at ein i samansette namn bør bruka "den samansetjingsmåten som samsvarer med dialektuttalen av namnet". Sjå punkt 3.1.b.V i rettleiinga som er knytt til forskrifta til Lov om stadnamn.) Me tilrår at brunamnet blir skriva *Kovesundsbrua* i offentleg samanheng.

#### **Bru nr. 10:**

Rådmannen sitt framlegg: Synnevågbrua.

Innspel frå Stadnamntenesta på Vestlandet.

Namnet på bru nr. 10, *Synnevågsbrua* eller *Synnevågbrua*

I stadnamnbasen finst blant anna desse avleiingsformene der primærnamnet som er lagt til grunn for føreleddet, endar på *-vågen* eller *-våg*: *Grunnevågsbrekka*, *Kvalvågshøgda* og *Leirvågsløitet*. I tråd med desse formene bør ein òg skriva *Synnevågsbrua* (med

*genitivs-s*). (Jf. med det me har skriva i det føregåande avsnittet.)

#### **Vurdering**

## Bru nr. 5 og nr. 10.

Bruken av genitivs –s i brunamn.

Statens namnekonsulent peikar på registrerte namn med genitivs –s som Kovesundsholmen, Grunnevågsbrekka, Kvalvågshøgda og Leirvågsleitet. Etter deira oppfatning, er dette ein dialektbruk som vi bør nytta i namna.

Viss ein søkjer på namn i Austrheim, finn ein ikkje konsekvent bruk av genitivs –s slik namnekonsulenten seier.

Namn med genitivs –s	Namn utan genitivs –s
Rebnorssundet	Kvalvågstraumen
Austrheimsvågen	Børildvågen
Hoplandsosen	Børildosen
Austrheimsvågen	Rongeværosen
Austrheimstjørna	Bergsvikvågen
Hoplandsvika	Straumstadvatnet
Straumshaugen	Ervikskjera
Austrheimsvegen	Slissesundholmen

Rådmannen kan ikkje sjå at dialekten i Austrheim er konsekvent på genitivs –s i samansette namn. Namna i lista ovanfor bør vera eit bevis på det. I ein del namn vil denne –s vera med og vanskeleggjera uttalen. Eit døme på dette er namnet på vegen som går gjennom Austrheim. Austrheimsvegen er det vedtatte namnet. Den vanlege daglegdagse uttalen er nok Austrheimvegen. Rådmannen er einig i at i ein del namn er det naturleg med genitivs –s, men ikkje i alle.

### Bru nr. 5. Kovesundbrua eller Kovesundsbrua.

Når det gjeld bru nr 5, er det registrert at holmen i nærleiken heiter Kovesundsholmen. Når det gjeld dialektuttale, er det meir naturleg med genitivs –s i det ordet. Dersom ein set -brua som staving i ordet, er det ikkje så naturleg på dialekten å nytta genitivs –s. Namnet bør såleis vera Kovesundbrua, ikkje Kovesundsbrua som namnekonsulenten seier.

### Bru nr. 10. Synnevågbrua eller Synnevågsbrua

Namnekonsulenten vil også ha genitivs –s i dette namnet. Her finn ein ikkje nærslekta namn i nærleiken som kan nyttast som mønster. I staden peikar namnekonsulenten på namn der dialekten nyttar –s i seg. Eit av døma er Leirvågsleitet. I tillegg peikar dei på samansette ord med –våg som Grunnevågsbrekka, Kvalvågshøgda. I tabellen som er sett opp tidlegare i saka, finn vi og namn som Kvalvågstraumen, Børildvågen, Bergsvikvågen. Alle desse har stavinga –våg i seg. Dei har ikkje genitivs –s. Som sagt tidlegare kan dette tyda på at dialekten i Austrheim ikkje er konsekvent på brukan av genitivs –s, men set det inn i enkeltord. Rådmannen meiner at det ikkje er naturleg å nytta denne –s i Synnevågbrua og føreslår å halda på namnet i høyringa, Synnevågbrua.



Oppsummering etter høyringa:

Brunr.	Namn i høyring	Innspel på namn	Endeleg framlegg
4	Bukkholmbrua	Bukkholmestraumbrua- Bukkholmenstraumenbrua	Bukkholmestraumbrua
5	Kovesundbrua	Kovesundsbrua	Kovesundbrua
10	Synnevågbrua	Synnevågsbrua	Synnevågbrua

**Konklusjon**

Etter høyringa endrar rådmannen framlegg til namn på bru nr 4. Endelege namneforslag vert då:

Stad	NR	Avgjerdande instans	Framlegg til namn
Bru mellom fastlandet og Bakkøyna	1	Hordaland fylkeskommune	<b>Bakkøybrua</b>
Bru over Kilstraumen	2	Hordaland fylkeskommune	<b>Kilstraumbrua</b>
Bru mellom Ulvøyna og Fosnøyna	3	Hordaland fylkeskommune	<b>Ulvøybrua</b>
Bru over Bukkholmstraumen	4	Hordaland fylkeskommune	<b>Bukkholmestraumbrua</b>
Bruket over til Lauvøyna på Sævrøyvegen	5	Hordaland fylkeskommune	<b>Kovesundbrua</b>
Brua mellom Lauvøyna og Sævrøyna	6	Hordaland fylkeskommune	<b>Lauvøybrua</b>
Brua mellom Bjørnøyna og Tjeldholmen	7	Hordaland fylkeskommune	<b>Bjørnøybrua</b>
Brua over Sævrøysundet	8	Austrheim kommune	<b>Sævrøybrua</b>
Brua over til Lerøyna	9	Hordaland fylkeskommune	<b>Lerøybrua</b>
Brua i Synnevågen	10	Hordaland fylkeskommune	<b>Synnevågbrua</b>
Brua mellom Langøyna og Rotøyna	11	Austrheim kommune	<b>Langøybrua</b>
Brua mellom Rotøyna og Krossøyna	12	Austrheim kommune	<b>Krossøybrua</b>
Brua til Njøta	13	Austrheim kommune	<b>Njøtebrua</b>
Brua i Rongeværet	14	Privat bru. Kartverket	<b>Kusundbrua</b>
Brua over Fosnstraumen	15	Hordland fylkeskommune. Radøy er sakshandsamar	<b>Fosnstraumbrua</b>